

# Heilskapleg energiplan for Noreg

Noregs Naturvernforbund, samla til landsmøte i Bergen, ber om at regjeringa og Stortinget set i gang arbeidet med ein heilskapleg energiplan for Noreg. Kampen mot klimaendringane krev auka produksjon av fornybar energi, også vindkraft, for å redusere bruken av fossil energi. Samstundes er dei mange vindkraftanlegga og mindre vasskraftverka som i dag vert planlagde, i sum ein trussel mot naturrikdommen. Planen må difor seie kvar det skal byggjast og ikkje byggjast vindkraft og annan fornybar energiproduksjon. Vindkraft på land må først og fremst bli lokalisert til område der det allereie er store inngrep og til kulturlandskapet, ikkje til urøyrde og viktige naturområde.

All energiproduksjon har miljøkonsekvensar. Det er viktig at produksjonen av fornybar energi skjer på ein så skånsam måte som mogleg. Produksjonen av fornybar energi må skje på ein slik måte at det ikkje vert gjort uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Ein plan som viser kvar det kan byggjast og kva område som kan skånast, vil bidra til å sikra ei så miljøvennleg utbygging som mogeleg.

Eit vindkraftanlegg representerer eit stort inngrep. Anlegga kan i mange høve ha negativ påverking på fugleliv, andre dyreartar og reindrift. Utbyggingane krev oftast eit omfattande vegnett som stykkar opp og drenerer området, stor aktivitet under drift og vedlikehald av anlegget og virkninga frå nødvendige kraftliner.

Tap av urøyrd natur er ein viktig årsak til tap av artar. Deira livsområde blir oppstykkja og sjansane for å overleve blir mindre. Inngrep i naturen har fram til no vore den største trusselen, men framover vil klimaendringane også bli ein betydeleg trussel mot artsrikdommen.

Mange vindkraftanlegg er planlagde i inngrepsfrie og viktige naturområde langs og nær kysten, stikk i strid med nasjonale målsetjingar om arealbruk og i strid med målsetjinga om å stanse tapet av biologisk mangfald. I fleire stortingsmeldingar er det lagt vekt på at vi må ta vare på urøyrde naturområde, av omsyn til naturrikdommen. Areal med urøyrd natur har gått kraftig ned de siste hundre åra og det er viktig å ta vare på dei områda vi har att.

Kampen mot klimaendringane krev at me så snart som mogeleg fasar ut all bruk av fossil energi. Noreg har ressursane som skal til for å gjera ein stor innsats på dette området.

Potensialet for å frigjera energi gjennom energieffektivisering er stort. Saman med utvida bruk av spillvarme, bioenergi, geovarme med meir vil dette langt på veg kunne erstatte dagens bruk av fossil energi. Samstundes må det vera ei målsetting at Noreg, med sine store vindressursar, særleg til havs, kan bidra internasjonalt med fornybar energi til erstatning for fossilt brensel. I mange havområde langt frå kysten kan utbygging av vindkraft skje med mindre miljøkonsekvensar enn på land, mellom anna basert på kunnskap om trekkruter for fugl over havområde. Teknologi for å starte slik utbygging er allereie på plass for utbygging på grunne havområde med faststående installasjonar. Noregs Naturvernforbund krev difor at det blir sett inn store ressursar på miljøvennleg utbygging av vindkraft til havs.

For å sjå tiltaka i samanheng, krev Norges Naturvernforbund at det blir laga ein plan for framtidig energiforsyning i Noreg og for det bidraget Noreg kan gje til internasjonal fornybar energiforsyning utan at det vert gjort uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Ein nasjonal plan for vindkraftutbygging på landterritoriet og dei havområda der Noreg har eksklusive rettar, må inngå som ein del av dette.

**Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag**